Storfjordkalenderen 2027



STORFJORDENS VENNER

VERN VÅR ARV



Storfjordkalenderen 2027

© Storfjordens Venner 2026

ISBN 978-82-

Redaksjon: (redaktør)

Formgiving: Audun Skjervøy / Språksmia AS

Trykk: Synkron Media AS

STORFJORDENS VENNER
VERN VÅR ARV

Storfjordkalenderen 2027. Tekst.

Framsidebildet: Foto: Rebekka Kolvik

MØRE TRAFO

TUSSA

PLATINA SEAFOOD

Stranda

rem pro

KIWI mini pris
Sykkylven

Ørskog Sparebank
- tid til deg

Oversiktskalender 2027

JANUAR

Veke	M	T	O	T	F	L	S
1	29	29	30	31	1	2	3
2	4	5	6	● 7	8	9	10
3	11	12	13	14	◐15	16	17
4	18	19	20	21	○22	23	24
5	25	26	27	28	◑29	30	31
6	2	3	4	5	6	7	8

FEBRUAR

Veke	M	T	O	T	F	L	S
5	1	2	3	4	5	● 6	7
6	8	9	10	11	12	13	◐14
7	15	16	17	18	19	20	○21
8	22	23	24	25	26	28	◑28
9	1	2	3	4	5	6	7
10	8	9	10	11	12	13	14

MARS

Veke	M	T	O	T	F	L	S
9	1	2	3	4	5	6	7
10	● 8	9	10	11	12	13	14
11	◐15	16	17	18	19	20	21
12	○22	23	24	25	26	27	28
13	29	◑30	31	1	2	3	4
14	5	6	7	8	9	10	11

APRIL

Veke	M	T	O	T	F	L	S
13	29	30	31	1	2	3	4
14	5	6	● 7	8	9	10	11
15	12	13	◐14	15	16	17	18
16	19	20	○21	22	23	24	25
17	26	27	◑28	29	30	1	2
18	3	4	5	6	7	8	9

MAI

Veke	M	T	O	T	F	L	S
17	26	27	28	29	30	1	2
18	3	4	5	● 6	7	8	9
19	10	11	12	◐13	14	15	16
20	17	18	19	○20	21	22	23
21	24	25	26	27	◑28	29	○30
22	31	1	2	3	4	5	6

JUNI

Veke	M	T	O	T	F	L	S
22	31	1	2	3	● 4	5	6
23	7	8	9	10	◐11	12	13
24	14	15	16	17	18	○19	20
25	21	22	23	24	25	26	◑27
26	28	29	30	1	2	3	4
27	5	6	7	8	9	10	11

JULI

Veke	M	T	O	T	F	L	S
26	28	29	30	1	2	3	● 4
27	5	6	7	8	9	◐10	11
28	12	13	14	15	16	17	○18
29	19	20	21	22	23	24	25
30	◑26	27	28	29	30	31	1
31	2	3	4	5	6	7	8

AUGUST

Veke	M	T	O	T	F	L	S
30	26	27	28	29	30	31	1
31	● 2	3	4	5	6	7	8
32	◐ 9	10	11	12	13	14	15
33	16	○17	18	19	20	21	22
34	23	24	◑25	26	27	28	29
35	30	● 31	1	2	3	4	5

SEPTEMBER

Veke	M	T	O	T	F	L	S
35	30	31	1	2	3	4	5
36	6	◐ 7	8	9	10	11	12
37	13	14	15	○16	17	18	19
38	20	21	22	◑23	24	25	26
39	27	28	29	●30	1	2	3
40	4	5	6	7	8	9	10

OKTOBER

Veke	M	T	O	T	F	L	S
39	27	28	29	30	1	2	3
40	4	5	6	◐ 7	8	9	10
41	11	12	13	14	○15	16	17
42	18	19	20	21	◑22	23	24
43	25	26	27	28	●29	30	31
44	1	2	3	4	5	6	7

NOVEMBER

Veke	M	T	O	T	F	L	S
44	1	2	3	4	5	◐ 6	7
45	8	9	10	11	12	13	○14
46	15	16	17	18	19	20	◑21
47	22	23	24	25	26	27	●28
48	29	30	1	2	3	4	5
49	6	7	8	9	10	11	12

DESEMBER

Veke	M	T	O	T	F	L	S
48	29	30	1	2	3	4	5
49	◐ 6	7	● 8	9	10	11	12
50	○13	14	15	16	17	18	19
51	◑20	21	22	23	24	25	26
52	◑27	28	29	30	31	1	2
1	3	4	5	6	7	8	9

● nymåne, ◐ veksande måne, ○ fullmåne, ◑ minkande måne

joker Geiranger
DAGLEGVARER – TIPPING – MEDISINUTSAL
POST I BUTIKK – FISKEUTSTYR - GJESTEBRYGGE
6216 Geiranger - Tlf. 70 26 30 30
E-post: joker.geiranger@joker.no

GALVANO
Galvano AS • N-6200 Stranda

EKORNES®
6222 Ikornnes
Tlf. 70 25 52 00 E-post: office@ekornes.com



FJORDAFOLKET

■ Eit av dei mest fotograferte motiva i Geiranger er Fjordafolket i Storfjordparken mellom Hotel Union og Verdsarvsenteret. Minnesmerket består av tre statuar skapte av kunstnaren Ola Stavseng: Høybør, Mor og barn og Slåttekar.

■ Ivar Aasen sa det slik:
«Lat oss ikkje forfedrane gløyma
under alt som me venda og snu
for dei gav oss ein arv til å gøyma
han er større enn mange vil tru»

■ Helge Søvik (d. 2025) og Atle Ringseth (d. 2019) tok denne oppmodinga på største alvor.

■ Helge Søvik var ein av føregangsmennene då Storfjordens Venner vart skipa etter initiativ frå Karl Mjelva, dåverande direktør ved Hotel Union. Få har formidla tradisjonar og levemåte langs Storfjorden og på hyllegardane slik Helge gjorde, både i skrift og tale. Som journalist i Sunnmørsposten og seinare redaktør i Sunnmøringen sette han varige spor etter seg. Han var eit bindeledd mellom fortid og notid og skildra kulturarven gjennom tallause artiklar, intervju og bøker. I 1995 skreiv han bok om Storfjordens Venner, og i 2015 var han ein viktig bidragsytar til boka Med hjarte for arven.

■ Minnesmerket Fjordafolket har ein soleklår opphavsmann i Atle Ringseth frå Liabygda. Han kjende kvar krik og krok langs Storfjorden og stod i spissen for ei rekkje restaureringsprosjekt frå 1980-åra og framover. Atle såg korleis kulturminna forfall. Røyken frå pipene vart borte, slåttemarkene grodde att, og hus, fjøs, setrar og naust forfall. Gjennom det sterke engasjementet hans har om lag 150 kulturhistoriske objekt vorte restaurerte.

■ Han oppmoda gjentekne gonger Storfjordens Venner om å setje i gang prosjektet. Med sterk støtte frå Helge Søvik fekk tanken fotfeste, og styret gav si fulle tilslutning. Det vart oppretta ei eiga nemnd, og arbeidet gjekk føre seg over fleire år.

■ Helge Søvik fekk den anerkjende skulptøren Ola Stavseng frå Stordal med på laget. Som stordaling kjende han godt til livet på gardane rundt Storfjorden. Statuane vart utforma og støypte i Pietrasanta i Toscana. Prosjektet kravde omfattande finansiering og logistikk, med ei samla kostnadsramme på om lag 4,5 millionar kroner.

■ Mange bidrog til at prosjektet kunne realiserast. Gåver frå verksemder, bankar, kommunar og private, kombinert med stor dugnadsinnsats, var avgjerande. Opshaug Sandtak utførte grunnarbeidet i parken utan kostnad, og fleire sentrale medspelarar, ikkje minst Terje Rusten, gav viktige bidrag gjennom planlegging og gjennomføring.

■ Statuane vart avduka i september 2025 under ei høgtideleg markering. Dronning Sonja avduka den største statuen saman med Karl Mjelva. Blue Horn frå Sykkylven stod for dei musikalske innslaga. Om kvelden vart markeringa avslutta med festmiddag på Hotel Union.

Kjell Ole Løseth



Fjordafolket, tre statuar i bronse laga av kunstnaren Ola Stavseng frå Stordal. Statuane står plasserte ved Norsk Fjordsenter i Geiranger.

Foto: Terje Drege Rusten

JANUAR 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
1	28	29	30	31	NYTTÅRSDAGEN 1	2	3
2	4	5	6	● 7	8	9	10
3	11	12	13	14	◐ 15	16	17
4	18	19	20	21	○ 22	23	24
5	25	26	27	28	◑ 29	30	31



ÅKNESBUDA

■ Namnet Åknesbuda fekk huset fordi Jakob J. Åkernes frå Inste-Åkneset kjøpte huset for å ha ei bu i kyrkjebygda.

■ Dei reiste vanlegvis til kyrkje i helgekleda, men om vêret var særs ulagleg, eller dei hadde lang gangveg, var det vanleg å ha med byte. Særleg finskoa var det vanleg å ta i handa i alle fall til dei kom i båten. Det var også kjekt å ha eit husvære å overnatte i om fjorden ikkje skulle vere farande. Stova vart nok også brukt av andre strandsitjarar. Vi veit ikkje når eller kven som sette opp dette huset. På bilete frå 1880 står det her, og ut frå bileta er huset truleg ein del eldre.

■ Den fyrste vi høyrer om som bur her fast i Åknesbuda, er Furnes-Eli frå Hauge, som var gift med Lars Petter Matvik. Han var svoger til Iver-Andreas på Åseneset. Eli og Lars Petter var dei siste fastbuande på Furneset. Familien levde eit omflakkande liv etter at dei flytte frå Furneset i 1888. Fyrst på Åseneset, så Matvika, Flisholmen og Eikenosvågen, der Lars Petter døydde i 1894. I folketeljinga i 1900 er Eli og sonen Lars, f. 1895, tilbake på Åseneset. Dei andre borna er nok ute i teneste.

■ Eli er i alle fall flytta inn i Åknesbuda 24. november i 1906. Ifølgje augevitne stod Furnes-Eli då på ein stein her nede i fjøra framfor huset og prøvde å samle saman rekveden etter gamle Høgebrua som flaumen tok denne morgonen.

■ Etter at Jakob Åkernes døydde i 1907, fekk Eli kjøpe hus og grunn og hadde endeleg sin eigen heim. Av borna som tidvis budde her, er dottera Gustava nemnd her i 1910. Ho var syerske, og broren Lars var skomakar. Han kom heim på grunn av tuberkulose. Han låg ofte på kaihustaket og sola seg då dette skulle vere gunstig for sjukdommen. Han døydde på Haukås tuberkulosehjem på Sjøholt i 1922. Eli arbeidde med ysting om somrane og var dagarbeidar om vinteren. Ho spann også for folk.

■ Dottera, Sofie Flisholm, var her om somrane i perioden frå 1924 til 1931. Då ho dreiv kafé i Sevrinhuset i sentrum av Hellesylt. Sofie er den sju år gamle jenta vi høyrer om i Sakarias Ansok si bok *Eld som slokna*. Åleine sat ho att på Furneset når broren Ole reiste til Hellesylt på konfirmantførebuing. Her ute opplevde dei to også at nisteskrinet vart tomt.

■ Trass i trong økonomi gjekk ho amtsskulen på Fredheim i Ulstein vinteren 1910–11. Amtsskulen var ein slags folkehøgskule driven av amta (fylka), og var på mange måtar ei motvekt til dei frilynde folkehøgskulane.

■ Då Eli døydde i januar 1931 og Sofie flytte i 1932, kjøpte Kari Hellebostad huset, reiv det og sette opp nytt hus i 1938. Det gamle var då så dårleg at dei brukte det til fyllmasse i hagen. Ein av bygningsmennene var Ole Ringdal, grunnleggjaren av Ole Ringdal A/S. Det var bygningsmann han ynskte å bli, men for bygda var det bra han vart slaktar. Etter at han så smått byrja med slakting, starta han med produksjon av kjøtvarer i kjellaren til Kari.

Arne Ringdal



Åknesbuda nede i høgre biletkant. Til venstre for Åknesbuda ligg dei kommunale stallane. Sevrinhuset er tredje bygning på høgre side av Stallgata. Biletet er teke sommaren 1925, og bygda har besøk av turistskipet Araguaya.

FEBRUAR 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
5	1	2	3	4	5	● 6	7
6	8	9	10	11	12	13	◑ 14
7	15	16	17	18	19	20	○ 21
8	22	23	24	25	26	27	◑ 28
9	1	2	3	4	5	6	7

HOTEL UNION
GEIRANGER • 1891 • FAM MJELVA

Hotel Union Geiranger
Geirangervegen 101, 6716 Geiranger

www.hotelunion.no
Tlf: 70 26 83 00
Epost: booking@hotelunion.no

DE HISTORISKE
hotel & spisesteder

Følg oss:

BYGGFAG
STRANDA



STORFJORDEN PÅ KART

■ Dette kartet er frå andre halvdelen av 1700-talet og er eitt av dei første der heile Storfjorden er kartfest og lett å kjenne på den særeigne forma. Dei fleste karta over Noreg og Vestlandet frå 1600-talet er nederlandske, og på dei enda Storfjorden ved Solnør. På desse karta kjenner ein att Sunnmørs-øyane og Romsdalsfjorden, men Storfjorden er berre ein liten «blindtarm». Nederlendarane fokuserte på sjølve leia, seglingsmerke og hamner for lasting av trelast.

■ Storfjorden frå Breisundet heilt til Geiranger og Tafjord dukka først opp på kart i 1720-åra, men fjorden manglar den karakteristiske klo-forma. Storfjorden blei forenkla til ein kløyvd strek, som ein liggjande Y.

■ Først med kartet over Sunnmøre i Hans Strøms storverk *Sunnmøres beskrivelse* frå 1762 blei det samanheng mellom kart og terreng. Presten Strøm var ein dyktig kartteiknar. Storfjorden var på kartet.

■ Kartet over er truleg noko yngre og er eit utsnitt av eit kart som dekkjer Vestlandet frå Nordhordland til Romsdalsfjorden. I kartverkets katalog er datering og opphavsperson er ukjent, men kan kartet avsløre opphavet? Tittelen på kartet er «Cart over det Bergenhuusiske regiments district» – altså er det eit militærkart. Derfor er grenselinjene for kompanidistrikta i landforsvaret teikna inn. Kartet viser at landforsvaret på Sunnmøre var delt i tre kompani: Nordre, Søndre og Nordre Nordfjordske.

■ Landforvarsvaret bygde på landlegder, der bondegardane i indre strok var slått saman i legder som skulle stille og utruste ein fotsoldat. Til dømes var Bjørnavika, Oppsal, Furstranda, Røneset og Vindsneset ei legd i Nordre Sunnmøre kompani. På kartet er to av gardane i denne legda markert. Mannskapslistene var organiserte etter legder og gardar/gardpartar, og dermed gav kartet oversyn over både regiment, kompani, legder og soldatar. Sjøforsvaret var tilsvarande inndelt i sjølegder som utrusta mannskap til flåten.

■ I tillegg til den militære informasjonen har kartet også teikna inn vegar, og eit forslag til postveg mellom Molde og Bergen («den proponerede postvej»). Dette vegforslaget har ein annan trase enn den som blei vald i 1785. Og saman gjev dette nok indikasjonar på kven som har laga kartet. I 1772 blei oberst-løytnant Johan Jacob Fasting sjef for det Første Bergenhuusiske Regiment, altså området kartet dekkjer. Så i 1774 la Fasting fram eit forslag til postveg mellom Molde og Bergen (Trondheim–Stavanger). Fastings initiativ fekk tilslutnad blant både sivile og militære embetsmenn på Vestlandet, men var dårleg likt av øvste styresmakt for postvesen og vegvesen, generalpostmester Schancke med generalveimester Krogh, som begge var plasserte i Trondheim. Dette utløyste ein vegstrid og ein kompetansestrid, og embetsmennene i Bergen ville fjerne Krogh ved å opprette eit eige vegmeisterembete for Bergenhus (Vestlandet). Postvegen kom, men først i 1785.

■ Kartet er derfor truleg teikna i 1774 av eller på oppdrag av Johan J. Fasting, som var sjef for Det Første Bergenhuusiske Regiment og oppteken av infrastruktur – både informasjonsflyt og troppeforflyttingar.

Arne Solli

Kjelde: *Kartblad 123-2: Carte over det Første Bergenhuusiske Regiments District*



Kjelde: Kartverket. Kartblad 123-2: Carte over det Første Bergenhuusiske Regiments District; versjon 2

:

MARS 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
9	1	2	3	4	5	6	7
10	8	9	10	11	12	13	14
11	15	16	17	18	19	20	21
12	22	23	24	SKJÆRTORSDAG 25	LANGFREDAG 26	27	1. PÅSKEDAG 28
13	2. PÅSKEDAG 29	30	31	1	2	3	4

BRENNE™
BRENNE ENTREPRENØR AS
Stordal HOME
nyss



LJØVIKA

■ Plassen Ljøvika, eller Ljøvikhammaren, som han også er blitt kalla, ligg litt over ein kilometer utanfor Ljøkaia. Her har det budd folk frå 1600-talet. Dei fleste som tok plassen i bruk, budde her som oftast berre kort tid. Det kunne vere nygifte som var i beit for eit utkome og ein plass å bu. Dei slo seg ned her til det var noko betre å få.

■ Som på andre slike bygselsplassar var det ein evig kamp for å greie seg gjennom den harde kvardagen. Heimeboen var liten, og for å få nok fôr til dyra slo dei alle stader der det var eit grasstrå å finne. I Ljøvika kunne ein fø eit par kyr, ein ni–ti smalekrøter og avle eit par tønner korn. Garden ligg tett ved Sunnylvsfjorden, så fiske var viktig, både som matauk og attåtnæring.

■ I 1666 er Ljøvika oppført i matrikkelen for første gong. Då bur her endåtil to huslydar. I dei komande åra er det fleire familiar som prøver å skaffe seg ei utkome å overleve på gjennom å bygsle denne vesle, fattigslege plassen. 9. februar 1751 får Arne Nilsson (f. ca. 1720) og kona Sesel Ingebrigtsdotter (f. ca. 1720) bygsel på *1 mellag* frå Ole Rasmusson Nedre Ljøen.

■ Arne kom frå Berge i Eidsdalen, medan Sesel var frå Ellendbruket på Frøysa i Sunnylvsbygda. Dei fekk ni born. Dei tre eldste var fødde i Eidsdalen. Det var smått med dei, og dei måtte ofte «ut og be» (tigge). Arne var heller ikkje å tru for at han tok eit og anna krøter i marka. Ein dag tok ljømennene han for krøtertjuveri. Saka vart meld, og Arne måtte skrifte i kordøra i Sunnylvskyrkja. Han snakka lågt, men til slutt ropte han: «Å jammi, Gu´ hjelpe, bjønnjen får skulda og ljøgutane ber pjåkene (pjåk – kjepp brukt til å pryle med)! Småtjuvane vert faste, medan storetjuvane går fri!»

■ For tjuveriet vart Arne dømt til å stå i gapestokken til spott og spe utanfor kyrkja ein preikesøndag. Dette var fjerde søndag etter treeining, 14. juni 1761. Medan bygdefolket var inne i kyrkja, tenkte han seg ut ein hemn. Han visste at denne dagen skulle ljømennene leige seg onnefolk, og no skulle dei ha for at dei hadde meldt han. Medan folket var inne i kyrkja og høyrde på presten, dikta han eit vers, og då dei kom ut etter preika, ropte han dei til seg. Forvitne samla kyrkjelyden seg rundt han, og Arne sa då fram dette verset:

På Ljønå æ´ dæ´ støppete og stuete,
steinete o´ tuete,
runnjete o´ruete
hardbett o´ lite på
o´ renge ljå,
tynnje supe o´ lita skei,
e´vel'kje rå nøken te tene dei!

■ Arne Nilsson døydde i 1801. I kyrkjebøkene var han då oppført som «legdslem».

Odd Normann Hoff

Kjelde: P.A. Lillebø: *Sunnylven og Geiranger I* og *I*



Ljøvika. Ein kan skimte husmurane i øvre kant av bøen.

Foto: Asgeir Kvernberg

APRIL 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
13	29	30	31	1	2	3	4
14	5	6	● 7	8	9	10	11
15	12	13	◐ 14	15	16	17	18
16	19	20	○ 21	22	23	24	25
17	26	27	◑ 28	29	30	1	2



OM SANDTAK I STORFJORDOMRÅDET

■ Ålesundsbrannen i 1904 skapte eit enormt behov for byggjemateriale. Då byen skulle byggjast opp att i mur, trong ein store mengder sand. Samstundes fanst det bygdelag langs Storfjorden med rike sandførekomstar, medan mange kystområde hadde mangel på sand. Dette vart starten på ei næring som over tid voks frå lokale sandtak til ei verksemd med kundar langs store delar av norskekysten.

■ Den første som dreiv sanduttak og sandleveransar i større omfang i Storfjordområdet, var Hans Fredrik Erstad (1868–1918) frå Sykkylven. Han vart seinare kjend som «Sandkongen». Etter bybrannen leverte han store mengder sand til gjenoppbygginga av Ålesund. Verksemda voks raskt, og då byggjearbeidet i byen tok slutt, sikra kontraktar med Statens hamnevesen vidare drift i fleire år.

■ Erstad fekk ei sentral rolle i den tidlege utviklinga av sandnæringa på Sunnmøre. Då han omkom i ei båtulukke på Romsdalsfjorden i 1918, fanst det ingen naturleg arvtakar. Drifta stoppa opp, og ei viktig pionertid var over.

■ I Norddal voks sandutvinninga fram att fleire tiår seinare. Gudmund Relling fortel at det fanst to sandtak i Dalsbygda i 1957, og etter kvart kom eit tredje. Mellom dei som dreiv uttak, var Knut og Bertil Rønneberg.

■ Den verkeleg store etterspurnaden kom då Zakariasdammen i Tafjord skulle byggjast i 1960-åra. Dammen vart rekna som Nord-Europas høgste betongdam, og entreprenørselskapet Høyer-Ellefsen trong store mengder sand av høg kvalitet. I 1966 starta Olav Melchior sanduttak på eigedomane til Ivar Lunden og Ole Krohn. Produksjonen gjekk i første omgang til kraftutbygginga. Etter at dammen stod ferdig, heldt uttaket fram nokre år i mindre målestokk.

■ Det er likevel Valldal som har kome til å spele den viktigaste rolla i utviklinga av næringa. På Syltemoa starta Alfred M. Olsen frå Ålesund, betre kjend som «Sand-Olsen», sanduttak i 1947. Sanden vart frakta ut av bygda i store lekterar og gjekk i hovudsak til byggjeverksemd og ferdigbetongproduksjon i Ålesund. Verksemda utvikla seg etter kvart til Storfjord Sanddrift.

■ Då utbygginga av Zakariasdammen var avslutta, tok brørne Olav og Per Melchior over den eine eigedomen på Syltemoa i 1971. Sidan har sandproduksjonen halde fram gjennom fleire generasjonar. Fram til han døydde sommaren 2026, var det Peter Melchior som eigde og dreiv Syltemoa Sandtak. Han kjøpte også sand frå dei andre gardsbruka på moen og stod for vidare sal og distribusjon. Utviklinga dei siste tiåra har vore formidabel. Peter Melchior anslo at den gjennomsnittlege årsproduksjonen sidan 1971 har vore om lag 100 000 tonn. I 2023 vart det levert rundt 170 000 tonn sand frå anlegget.

■ Det som byrja som ei lokal næring knytt til behovet i Ålesund og bygdene rundt Storfjorden, har etter kvart fått langt større marknader. Sanden frå Syltemoa vert i dag levert langs store delar av norskekysten og også til kundar på Færøyane. Historia om sandutvinninga i Storfjordområdet viser korleis ein naturressurs gradvis har danna grunnlag for ei moderne næring. Frå Hans Fredrik Erstad sine første leveransar til gjenreisinga av Ålesund og fram til dagens eksportverksemd har sanden frå fjordbygdene vore med på å byggje byar, lokalsamfunn og store anlegg gjennom meir enn hundre år.



Syltemoa Sandtak i Valldal.

Foto: Torbjørn Storås. Biletet er velvilleg lånt ut av Storfjordnytt.

MAI 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
17	26	27	28	29	30	ARBEIDARDAGEN 1	2
18	3	4	5	HIMMELFARTSDAGEN 6	7	8	9
19	10	11	12	13	14	PINSEAFTAN 15	1. PINSEDAG 16
20	GRUNNLOVSDAGEN 2. PINSEDAG 17	18	19	20	21	22	23
21	24	25	26	27	28	29	30
22	31	1	2	3	4	5	6

Europas høgste fjordutsikt frå bilveg

Kafé • Selskapslokale • Butikk

Geiranger Skywalk
DALSNIBBA 1500 METER

Følg oss på

www.dalsnibba.no • booking@dalsnibba.no • tlf.: 45 48 13 01

Vi ynskjer Storfjordens Venner lykke til i sitt framtidige arbeid med å ta vare på kulturen i fjordane våre.

Helsing

E. Merok Turisthandel AS

6216 Geiranger



MATVIKA – STØ OG STEINVÒR GIR TRYGG HAMN

■ Matvika er kanskje mest kjent for å vere grøderik med stor frukthage. Men like imponerande er den store vòren, eller moloen, med støa. Ein vòr er opplødd stein på éi av eller på begge sidene i ei båtstø.

■ Han stikk om lag åtte meter ut i sjøen og er tre meter høg lengst ute. Vòren er bygd i to høgder, den høgaste delen skal verne mot sjø og storm som kjem i kast ut Geirangerfjorden, den lågaste delen er fin å stige i land på. Nokre meter lenger vest ligg ein lågare vòr til vern mot vestavêret. Midt mellom ligg ei lun og trygg stø. Kven som bygde den første vòren, veit vi ikkje sikkert.

■ For å få meir jord, har stein blitt brote opp og trilla ned mot fjøra, der store mengder rydningsstein samla seg opp gjennom tidene. Matvikfolket bygsla garden i mange år, men kjøpte han «med samtlige paastaaende Hus undtagen Nøst og Sæterhus» av Edvard Larsen Flydal i oktober 1866. Det var ungkar Petter Andreas Matvik (1843–1933) som kjøpte garden. Han gav 18 spesidalar, 2 spesidalar kontant og resten utan renter innan to år. Petter Andreas stifta snart familie saman med Maria Pedersdotter Fausa (1836–1920), og i 1874 vart Petter Johan fødd. Han vart neste brukaren. Petter Andreas og Maria fekk i alt fire born, og den vesle familien i Matvika hadde ønske og planar for framtida. Dei ønskte ei betre og tryggare ilandstiging frå sjøen. Truleg var det han som starta bygginga av dei to vòrane ved støa.

■ All rydningssteinen som det kunne murast med, vart frakta ned til «anlegget» ved sjøen. Etter kvart som sonen Petter Johan vaks til, gjekk dei i lag om arbeidet, og bygginga av den store vòren gjekk fortare. To sterke menn med slegge, spett og stubbrytar bygde sakte, men sikkert lenger og lenger ut i sjøen. Hardt arbeid gav resultat, og snart var dei ferdige, no kunne alle kome trygt i land i Matvika.

■ Vinterstormane tek hardt i Matvika, så hardt at dei greier å rive ned ein nybygd steinvòr. Ein vinter rasa mykje av vòren ut og forsvann i djupet. Petter Andreas og Petter Johan såg på det som hadde skjedd, og meinte dei kunne greie å bygge det opp att. Det gjorde dei. Med tyngre stein og betre muring fullførte dei arbeidet.

■ Jørgen Gjerding skriv boka *Øydebruk i Sunnylven og Geiranger* (1935): «Det er god og nokolunde trygg båtstø og naustplass i Matvik, noko som er av stort verd for alle strandsitjarar. Det er jamvel bra hamn for motorbåten som fraktar all geitmjølka og alt anna turvande til og frå Matvik dagleg.» Vòren stod så lenge det budde folk i Matvika. Frakteskuta Elida la til ved enden av vòren då folket flytta i 1961. Uti 1970-åra rasa ein del av vòren ut på nytt, og stadig ramla det nokre steinar ned i djupet.

■ I 2024 tok Nils Roger Matvik kontakt med Storfjordens Venner for å restaurere dette unike kulturminnet. Møre og Romsdal fylke støtta prosjektet økonomisk. Det faglege ansvaret har murarmeister Torgeir Erdal hatt gjennom heile arbeidet, som vart ferdig i august 2026. Då var 40 m3 stein, ca. 80 tonn, lagt på plass med god hjelp frå Per Brathaug, Nils Roger Matvik og Asgeir Kvernberg. Eit unikt kulturminne er berga for framtida.

Asgeir Kvernberg



Frå arbeidet med støa og steinvoren i Matvika.

Foto: Asgeir Kvernberg

JUNI 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
22	31	1	2	3	● 4	5	6
23	7	8	9	10	◐ 11	12	13
24	14	15	16	17	18	○ 19	20
25	21	22	23	24	25	26	◑ 27
26	28	29	30	1	2	3	4

PEDRO®
PEDRO EIENDOM
Utleige av industrilokaler, kontor og lagerplass.
Strandgata i Stordal tlf 414 25 595

BONSEYE
WITH AN EYE FOR QUALITY

Bt Byggtorget
Valldal Høvleri AS



FRÅ KVARDAGSLIV TIL FJELLGARDSLIV

■ Då sommarsesongen på Ytste Skotet opna i 2026, var det Håvard Hareide Furnes, kona Nina Marie Rolstad og barna Vilde (15), Frida (9) og Johan (5) som tok imot gjestane. Dei budde på fjellgarden store delar av sommaren. For Håvard vart opphaldet fem veker langt, medan resten av familien var der i fire.

■ Ytste Skotet ligg på ei fjellhylle 225 meter over Storfjorden. Garden har vore busett sidan vikingtida og blir i dag driven som eit levande museum og besøksmål av Storfjordens Venner.

■ For Håvard var dette langt frå første møtet med staden. Gjennom oppveksten besøkte han garden ofte, mykje fordi foreldra var aktive i Storfjordens Venner. Dermed hadde han eit nært forhold til Ytste Skotet lenge før han sjølv fekk ansvar som vertskap.

■ Før familien søkte på oppdraget, snakka dei om korleis det ville vere å bu fleire veker på ein veglaus gard. Særleg var dei spente på korleis barna ville trivast utan mange av aktivitetane som høyrer kvardagen til. Bekymringane synte seg snart å vere grunnlause. Barna fann seg godt til rette, fekk mykje glede av dyra på garden og sysselsette seg sjølve gjennom dagane.

■ Livet som vertskap gav ikkje rom for seine morgonar. Vedomnen og vedkomfyren måtte fyrast opp for å koke kaffi og gjere klart til frukostserveringa. Overnattingsgjestane fekk maten servert rundt bordet i storstova før dei første dagsgjestene kom.

■ Utpå føremiddagen var garden gjerne fylt av folk. Då skulle svelene vere klare, kaffien nykokt og serveringa i gang. Til middag stod ofte tradisjonsmat som rømmegraut eller heimelaga grønsaksuppe på menyen.

■ Arbeidet på garden kravde både tid og planlegging. Matlaging og oppvask tok lenger tid enn i ein moderne heim, fordi vatnet måtte varmast opp og vedkomfyren haldast i gang. Etter kvart fann familien gode rutinar som gjorde kvardagen enklare.

■ Sjølv om arbeidsdagane var lange, opplevde familien opphaldet som svært givande. Arbeidet kravde innsats gjennom heile dagen, men var variert og meiningsfylt. Håvard hadde teke med både fiskeutstyr og turutstyr, men fekk lite tid til eigne aktivitetar. Møtet med gjestane og livet på garden fylte dagane.

■ Eitt av minna som sit sterkast att, er besøket frå ei gruppe på ti amerikanarar med røter på Sjøholt. Gjennom slekt og kjende hadde dei høyrt om Ytste Skotet, og besøket gav dei ei sterk oppleving av både historia, kulturlandskapet og livet på garden.

■ På dei travlaste dagane tok Ytste Skotet imot rundt 60 besøkjande. Dei fleste kom med skyssbåt over fjorden, men det var òg dei som hadde teke vegen over fjellet.

■ For familien Furnes vart den første sommaren som vertskap ei oppleving prega av arbeidsglede, fellesskap og nær kontakt med levande kulturhistorie. Nokre veker høgt over Storfjorden gav familien minne som vil vare lenge.

Håvard Ketil Sporsheim



Sommarvertskapet på Ytste Skotet samla i ei roleg stund.

Foto:

JULI

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
26	28	29	30	1	2	3	● 4
27	5	6	7	8	9	◑ 10	11
28	12	13	14	15	16	17	○ 18
29	19	20	21	22	23	24	25
30	◑ 26	27	28	29	30	31	1

2027

geiranger FJORDSERVICE
Fjordsightseeing/
Båtcharter
Guida kajakkturar
Fjordcruise
Ålesund–Geiranger
www.geirangerfjord.no

Filtra
REN LUFT OG RENT VANN
-Vårt miljøengasjement
www.filtra.no - post@filtra.no
Vannbehandling - Filter - Ventilasjon - UV-anlegg - Drikkevannskjølere - Kuli

TAFJORD



– VI MÅ BRUKE TIDA, IKKJE SPARE PÅ HO

■ Då handverkarane lirka på plass den siste steinhella på køyrebana til Framgardsløa seinhausten 2025, var det meir enn berre steinen som fall på plass. Eit stort restaureringsarbeid var fullført, ein draum fekk kvile.

– Her står eg, og det har eg tenkt å halde fram med. Det har Framgardsløa fortalt meg heilt sidan eg kom til gards, seier Randi Flø når ho skal setje ord på kvifor ho har brukt mykje tid og ressursar på å bevare Framgardsløa på Valldalen for ettertida.

■ Journalisten, mangsyslaren og den tidlegare lokalavisredaktøren flytta inn i Framgarden på Valldalen for 25 år sidan då ho gifte seg med Jon Karsten Gjerde, oldebarnet til dei som sette opp Framgardsløa: Lars Petter Olson – Framgards-Lars Petter – og kona Lisbet. Heile tida har det vore ein draum og eit prosjekt for Jon og Randi å ta vare på dette imponerande byggverket. Då Jon brått døydde i 2024, vart det viktig for Randi å fullføre det dei to hadde planlagt.

■ Framgardsløa på Valldalen er registrert både som eit kommunalt og regionalt kulturminne. I 2014 vart løa omtalt i boka *Norges låver*. Mange har nok sett det ikoniske biletet som jamleg blir delt på sosiale medium – og som viser korleis den perfekte bogen på køyrebana leier vegen vidare inn under seg sjølv gjennom ein praktfull steinkvelving.

■ – Dette viktige kulturminnet viser både meisterleg murararbeid og stor ingeniørkunst. Tenk berre på reiskapane Lars Petter konstruerte for å få utført det han hadde sett seg som mål. Mange undrar seg over korleis Lars Petter fekk på plass dei digre dragarane av stein mellom gjødselskjellaren og fjøsen, utan andre hjelpemiddel enn handemakt, kløkt og hest, fortel Randi.

■ Men han var ein uvanleg framtenkt og dyktig mann, og kona Lisbet i særstilling driftig. Vi kan berre tenkje oss korleis det må ha vore for dei å køyre det første høylasset inn på låven ein sommarsdag i 1885.

– For meg er Framgardsløa eit vitne om ein måte å leve på og å tenkje på, ei forteljing om å vilje skape noko som varer. Ho er også eit vitnemål om framtidstru og optimisme. At det tok åtte år å samle stein og setje opp løe og køyrebane, fortel om folk som er urokkelege, viljefaste og uthaldande. Dei må ha opplevd glede over å få det til, seier Randi.

■ Då Randi og Jon tok til på restaureringsarbeidet i 2013, hadde tida sett sine spor. Etter eit omfattande restaureringsarbeid kunne dei senke skuldrane også når regnet sila ned ute. Seinhaustes i 2025 fullførte Randi draumen som ho og Jon hadde bore på, men som han ikkje fekk oppleve: å restaurere ein del av køyrebana, som stod i fare for å rause ut. Millionprosjektet fekk støtte frå både Kulturminnefondet og kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune, mens Sandal Anleggsgartnar frå Volda utførte arbeidet i stor respekt.

– Resultatet er eit syn for auga – Lars Petter og Lisbet hadde vore storleg nøgde, seier Randi.

■ Kva kan så Framgardsløa fortelje oss som vi kan dra nytte av i dag?

– Ho fortel oss at vi må gjere ting skikkeleg, skape noko som varer. Dei brukte tida i staden for å spare tid. I dag kan vi skape livet vårt gjennom å kjøpe alt vi treng – utan å vere medskaparar, utan å tenkje på at det skal vare. Vi skal vere så effektive og spare tid, men kva bruker vi den tida til? spør Randi.

– Framgardsløa minner oss om at livet er å tru på framtida, og om at vi må bruke den tida vi har fått, seier Randi.

Hegelin Waldal



Framgardsløa med den flotte køyrebana

Foto: Per Eide

AUGUST 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
30	26	27	28	29	31	31	1
31	● 2	3	4	5	6	7	8
32	◐ 9	10	11	12	13	14	15
33	16	○ 17	18	19	20	21	22
34	23	24	◑ 25	26	27	28	29
35	30	● 31	1	2	3	4	5

INSOFT™
Telefon: 90 73 33 77

HOFSETH
AQUA

LJØEN I MELLOMALDEREN

■ Dette er skulehuset for Ljøgrenda og nokre gardar ved Sunnylvsfjorden. Det ligg to hundre meter nedanfor tunet på Øvreljøen under ein bratt berghammar 235 moh. Postvegen kjem opp her og svingar seg rundt husnovene og vidare oppover. Til staden like ved der fotografen har stått, knyter det seg ei hending frå den mørke mellomalderen, der sann folkeopplysing var ei heller sjeldsynt vare. Gangvegen forbi her er hogd ut i berghammaren eller Trollhammaren, som vart nemninga i ettertid. Berget har fleire større og mindre mørke og tilsynelatande botnlause horisontale sprekker.



■ I mellomalderen hadde kyrkja og presteskapet sett seg føre å lage ei skjøneleg forklaring på alle fenomen ein ikkje fullt ut forstod. Dette kunne vere lyn og tore, jordskjelv, solformørkingar med meir. Ei svært utbreidd oppfatning var at det fanst eit løynt folkeslag som kunne skape ugreie. Teologen Erik Pontoppidan, 1698–1764, var mellom dei sterke talsmennene for det okkulte.

■ Ein gong etter året 1779 skulle det vere juledans på Øvreljøen. Ein flokk ungdommar kom, men dei sakna ei jente i fylgjet. Dei leita, og andre dagen fann dei beltet hennar med kniv og slire liggande under Trollberget. Å bere godt betjarn på seg gav vern mot trollpakk. Det var no klart at dei underjordiske hadde klart å smette «forsvarsvåpenet» av jenta og teke henne inn i berget! Ein mann som lyste inn i ei større sprekke, meinte han kunne sjå eine foten hennar.

■ Kapellan Grip frå Norddalen vart bodsend, og kyrkjeklokka frakta opp til Trollberget. Grip messa, kyrkjeklokka stormringde, og karane skaut med lauskrut, men ingen ting såg ut til å hjelpe. Men då dei stemde i med strofa «så må han vige den fule ånd, med sine gloende pile», så stod jenta brått mellom dei! Då hadde ho vore vekke i seks dagar. Men ho var blitt dauvstum, så ingen fekk noko vist ut av henne.

■ Dette er klokka, støypt i Bergen i 1674, som vart brukt oppe på Trollberget. Ho var i bruk i kyrkjene på Hellesylt til ho i 1879 fekk ein brest. Klokka vart seinare vølt, men klangen vart ikkje så vakker som før. Ny klokke vart innkjøpt frå Tyskland. Den gamle kan no sjåast oppe i klokketårnet på gravstaden på Korsbrekke.

■ På Øvreljøen hadde dei sonen til Marit Bjørdal, Sva-Maska, til dreng ei tid etter at mora hadde blitt halshogd og brend på Kråkholmen i Stordal i 1664. Han vakta seg vel for å vise svartekunstar, men ein kveld dei hadde fått han øsen, var han borti ei mørk krå der det hang ein taustump ned frå taket. Han kleia litt på den og drog ut så mykje mjølk han lysta!

■ Om denne soga kanskje ikkje er sann, så fortel ho at konspirasjonsteoriar har røter langt attende i fortida.

Jon Slyngstad

Kjelder: *Sunnylven og Geiranger*, Band I – 1999.



Bildet viser skulestova på Ljøen ved Sunnylvsfjorden. I bakgrunnen, litt til venstre, ligg Lundaneset og Matvika bak neset. Fjorden attover er Korsfjorden.

Foto:

SEPTEMBER 2027

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
35	30	31	1	2	3	4	5
36	6	7	8	9	10	11	12
37	13	14	15	16	17	18	19
38	20	21	22	23	24	25	26
39	27	28	29	30	1	2	3

Geirangerfjorden verdsarv
www.fjordsenter.com

Sparebanken Møre

Norskproduserte ristar & spjeld
STRANDA VENTILASJON
stravent

SKJORTNESET

På vestsida av Storfjorden ligg fjordgarden Skjortneset, 125 meter over fjorden. På andre sida ligg Stordal, medan Skotet, Vidhammar, Korsadalen og Hjelle var næraste grannane langs fjorden. Om namnet Skjortnes finst fleire teoriar. Nokre meiner landskapet, sett frå andre sida av fjorden, liknar ei skjorte. Andre fortel at folk som rodde vidare innover fjorden, gjekk i land her for å skifte sveitte skjorter. Ei tredje forklaring er at namnet kjem av fuglen skjor, som alltid har vore talrik i området.

Ved sjøen ligg ein stor molo, og like ved ser vi spor etter tidlegare busetnad. Husmannsplassen Skjortneskråa er framleis godt synleg. Eitt hus står att, med gamle fjøsmurar bak. Dei siste som budde her, var Lars Karl Larsen, kona Johanne Storheim og dei tre borna deira. I 1880 utvandra familien til Minnesota i USA med eigedelane sine og 18 kroner på lomma.

Skjortneset var ein stor gard med om lag 35 mål dyrkamark, vide beiteområde og eiga seter. Hovudhuset, som framleis står, vart bygd i 1906 og påbygd i 1926. Det opphavlege våningshuset låg lenger oppe i lia.

Garden hadde også fleire husmannsplassar. Ovanfor tunet låg Brennslia, kring 400 meter over havet. Her står enno Brennslibuda, ei løe som vart restaurert i 1986. Høyet vart slått her heilt fram til 1960-åra. For å få høyet ned til garden nytta dei eit smart system med løypestrengar, først til Øggarden og deretter vidare ned til hovudbruket.

Den siste eigaren før fråflyttinga var Knut Skjortnes (1879–1957), gift med Elen Jakopie Vad. Knut fekk ei tragisk ulukke då han miste balansen og fall utfor eit stup ved garden. Arbeidet med å hente han opp var både tungt og farleg. Tre månader etter dødsfallet fekk Skjortnes elektrisk straum, ei sak Knut sjølv hadde arbeidd hardt for å få gjennomført. Garden hadde også telefon heilt opp til setra, kring 500 meter over havet.

Setra var ein viktig del av drifta. Her var sel, fjøs, beitemark og slåtteland. Jentebarn heilt ned i åtte- til tolvårsalderen måtte fungere som budeier, gå til seters, mjølke kyrne og bere mjølka ned att til garden.



Etter Knut overtok sonen Jens Skjortnes (1906–1963) og kona Elise Rødset drifta. Dei hadde kyr, sauer, geiter og gris, og dei fekk sju born. I tillegg til gardsarbeidet tente familien pengar på sal av ved, båtreparasjonar, transport og høyslått på andre fjordgardar. Jens var òg ein dugande snikkar, og fleire av møblane hans finst framleis på garden.

Dei siste fastbuande på Skjortneset var Elise og sønene Jarle og Erling. Dei flytta frå garden i 1970. Erling vart ein særs dyktig båtbyggjar og bygde både robåtar, joller og ein dekksbåt på 25 fot i løa.

I dag minner vegen opp til garden om eit livskraftig fjordbrukssamfunn. Landskapet er rikt på fugleliv med mellom anna hubro og ørn. Sjølv om det er krevjande å halde garden ved like, bidreg yngre generasjonar gjennom dugnadsarbeid og hjortejakt. Slik lever historia om Skjortneset vidare.

Jens Petter Søvik



Gardstunet på Skjortneset

Foto: Privat (utlånt av Jens Petter Søvik)

OKTOBER 2027

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
39	27	28	29	30	1	2	3
40	4	5	6	◐ 7	8	9	10
41	11	12	13	14	○ 15	16	17
42	18	19	20	21	◑ 22	23	24
43	25	26	27	28	● 29	30	31

Norsk Sjømat As
Quality Seafood

HT BYGG
HELLESYLT



BRUN OG KVIT GEITOST I 19 ÅR

Tre av gardane på Furstranda – Bjørnavika og to i Sandvika – etablerte Opsal Ysteri i 1924 i det gamle stovehuset på Oppsal/Furhaugen. Det hadde stått tomt sidan 1919 etter at Edvard og Petrine Opsal flytta til Sjøholt.

Ysteriet var i drift i sommarhalvåret, frå slutten av mai til slutten av oktober eller tidleg november. 14. juni 1924 leverte ysteriet dei aller første ostane. Det var to kvite geitostar på til saman 5,4 kilo som Sykkylven Handelslag kjøpte. Dette året vart det selt over 450 kg brun og kvit geitost. Ysterske var Ingeborg Fivelstad frå Hellesylt. Ho dreiv ysteriet i ti år før Klara Søvik frå Ramstaddalen tok over. Etter ho kom Anna Haugen frå Hellesylt, og siste driftsåra dreiv søstrene Kjellaug, Astrid og Oddlaug i Sandvika ysteriet.

Grunnlaget for drifta var geitemjølk. Geitene vart mjølka morgon og kveld. Ysterska måtte vere på plass før klokka halv åtte om morgonen for å ta imot mjølka. Ystinga gjekk utover dagen med vedfyrt omn og ei hundreliters jarngryte til mjølka. Utpå ettermiddagen hadde dei ostemassa over i former av blekk eller tre. Dagen etter tok dei osten ut av formene. Då var brunosten klar for finpuss og pakking. Kvitosten måtte stå nokre dagar til gjæring før han var god å ete.

Frå 1930 vart meir og meir av osten seld på torget i Ålesund. Karane hadde kvar sin gong å segle eller ro til byen. Torgsalet kunne vare ut november, og enkelte år langt ut i desember. Då vart det mørke kveldar når dei skulle heim att. Frå Vegsundet og innover Storfjordens var det mørkt, ikkje ei einaste utelampe. For å vise vegen heim vart det sett ei parafinlampe i ytste kvistglaset i Heimigarden i Sandvika. Då var det lettare for dei som var ventande heim frå bytur, å finne vegen. Det var mang ein gong vått og kaldt på heimveg, kanskje motvind også. Då var det godt å kome heim, inn på eit varmt kjøken og få mat og kvile.

Ofte kom kundar roande til Furstranda for å kjøpe ost. Det hende at ysteriet var utselde så kundar måtte ro tomhendte tilbake. Dette var sjølvsagt ikkje godt likt av alle. Av og til hende det at ysteriet hadde røykalaks eller røykapjakk til sals. Det var sjølvsagt ei god trøyst.

Nokre kundar likte å prute. Ein av dei mest kjende prutarane var ein bymann som hadde hytte på Valle. Derifrå er det ein fin rotur over fjorden for å kjøpe ost. Han pruta alltid. Derfor la dei på 50 øre på kiloprisen når dei såg han kome. Han pruta og var veldig fornøgd når han fekk 25 øre i avslag. Frå 1943 vart mjølka levert til Sunnmøre meieri.

Sunnmøre meieri tok eit tydeleg standpunkt til lokal matforsyning og sjølvberging i årsmeldinga si for 1940: «Vi må gå ut frå at våre myndigheiter endeleg er blitt merksame på at det norske jordbruk og dets foredlingsorganisasjonar er av den største betydning for vårt folk. Det måtte to verdenskriger til før vi endeleg lærte at det er sikrare å ha vår Matbu heime enn på andre sida av havet. Vi får håpe det ikkje er gløymt når uveret er over.»

Det er framleis aktuelt å bli mint om dette.

Asgeir Kvernberg

Kjelder: A. Kvernberg: *Furstranda. Sandvika, Oppsal, Kyrkjesteinen*
Rekneskapsbøker for ysteriet
Munnleg informasjon frå Olav P. Sandvik



På murane bak ovnen sto stovehuset der ysteriet heldt til. Huset vart rive i 1949 og bygd opp igjen som sommarfjøs.

Foto: Asgeir Kvernberg

NOVEMBER 2027

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
44	1	2	3	4	5	6	7
45	8	9	10	11	12	13	14
46	15	16	17	18	19	20	21
47	22	23	24	25	26	27	28
48	29	30	1	2	3	4	5



FRÅ TRAPPA I GOMSDALEN

■ Når du står på trappa i Oppistova i Gomsdalen, så står du på gammal grunn. Dei to bruka i Gomsdalen vart fråflytta i 1907, og sidan den gongen har naturen og årstidene styrt dalen. Lite folk på besøk, utanom fotturistar i sommarmånadene. Nokre bygningar vart tatt ned og flytta, det som stod igjen var utsett for vêr og vind, men nøyaktige og solide murar til hus, fjøs, uthus og bru vitnar om liv og aktivitet.

■ Men tilbake til trappa, kva ser du? Rett fram på tvers av dalen ligg Bringestølen, murane er godt synlege. Litt til venstre ser du utover mot Knivsflå, mot fjorden ser du Skagedalsfossen, betre kjend som Friaren.
Over det heile ligg fjella og skyene. Eit flott syn frå den høgstliggande garden i området, 620 meter over havet.

■ Så er det dette med stein. Alle gardane i området har store og solide murar til alle bygningane. Kvar fekk dei steinen frå? Var det slik at det var store dugnader frå gard til gard, kven var «sjefsmurarane», og kva for utstyr brukte dei? Murane vart nok ikkje bygde på same tid, og kanskje var dette kunnskap som gjekk i arv? Og, kvar henta dei all steinen frå? Ein dyktig murar frå Volda, Harald Årseth, var i Gomsdalen for fleire år sidan og undra seg stort over dette, både over kvaliteten på murane og kvar steinen vart henta. Sikkert er det at det var eit formidabelt arbeid som tok tid, kravde stor arbeidskraft og var tungt.

■ Steinbrua i Gomsdalen er også eit lite mysterium. Ho ligg ca. 200 meter frå tunet mot nord, og kryssar elva der ho er på sitt smalaste. Solide fundament er mura opp på begge sider, og to store flate steinheller er sjølve brua – korleis har desse kome på plass? Litt som pyramidane, byggverk mot tyngdekrafta.

■ Brua vart truleg bygd tidleg på 1800-talet, gardsvegen gjekk over elva der, og vidare til Bringestølen og så ned til sjøen, 600 meter ned. Brua er heilt intakt, minus ein stein som har glidd ut. Bestått eksamen, spør du meg. Sikkert er det også at det ikkje var sherpaer frå Nepal som stod for arbeidet, men det hadde vore flott å finne ut kven det var.

■ Var det song og musikk frå husa i Gomsdalen? Garden bestod av to tun som låg tett i lag. Eg vil tru at det i alle fall var salmesong på søndagane og i høgtidene. Gomsdølene var religiøse og reiste ofte til kyrkje i Geiranger; ned den bratte råsa frå dalen til støa i Bringa, så robåt inn til Geiranger. Har ofte tenkt på salmeboka, finst ho framleis? Kven var det som leidde songen, Petter Andreas i Oppistova, naboen Andreas i Nedistova? Kva for salmar song dei?

■ Er du i Gomsdalen, vil du garantert vende blikket oppover, mot fjella, fjellsidene og toppane. Trur at det å bu så høgt og fritt – nær Gud, om du vil – hadde stor innverknad. Gomsdalen ligg åleine og isolert til, men samtidig er du ein del av naturen og livet. Hadde du mat, varme, helse og tette tak, var livet godt. Mykje å takke for. Syster til bestefar min, Laura, som alle kalla «tante Laura», budde heile livet i Oslo, og levde heilt til ho vart 107 år. Eg møtte henne fleire gonger og fortalde litt om hennar barndoms dal. Ho spurde alltid etter fjella. Ho måtte forlate heimen der i dalen i 1897, sju år gammal, og sakna alltid fjella. Oslo hadde mykje å by på, men ikkje fjell.

■ Frå trappa vil du også sjå eit landskap i endring. Den som stod på trappa i 1890, såg ein grøn dal, men nesten utan eit tre. I dag ser ein nesten berre kratt og skog, nokre opne felt som gjerne er myrar. Skog og dvergbjørk kryp sakte oppover liene. Eg trur at framover så må verneinnsatsen i større grad fokusere på landskapsvern, rydding og vedlikehald av landskapet. Ta vare på bygningar er viktig, men neste etappe bør vere området rundt. Kanskje bør det bli ei slags rullering av innsatsen, inn i ein slags vedlikehaldsplan?

■ Uansett, steintrappa ligg stødig for den som tar turen til Gomsdalen.

Olav Elling Gausdal



Frå stova i Gomsdalen

Foto: Olav Elling Gausdal



Solide husmurar i Gomsdalen

Foto: Olav Elling Gausdal

DESEMBER 2027

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Søndag
48	29	30	1	2	3	4	5
49	6	7	8	9	10	11	12
50	13	14	15	16	17	18	19
51	20	21	22	23	JULAFTAN 24	1. JULEDAG 25	2. JULEDAG 26
52	27	28	29	30	NYÅRSAFTAN 31	1	2

STORFJORDENS VENNER

Det er formidlingsgruppa i foreininga som har ansvaret for kalenderen. Asgeir Kvernberg har vore redaktør for kalenderen sidan 2019. Håvard Ketil Sporsheim tek over som redaktør frå 2027. Dei to overlappar i 2026.

Eg nyttar høvet til å takke Asgeir for ein framifrå innsats i dette viktige arbeidet. Det vert ikkje lett å erstatte han. Kalenderen er viktig både som inntektskjelde, som lokalhistorisk dokumentasjonsarbeid og som kommunikasjonskanal ut mot medlemmer og andre interesserte. Vi veit at publikasjonen er ettertrakta og blir lesen av svært mange – også utanfor medlemsmassen. Vi ønskjer Håvard Ketil lukke til med vidareføringa av dette viktige arbeidet.

Emnevalet for 2027-utgåva femnar som vanleg breitt. Vi ser på kalenderen som eit av dei viktigaste tiltaka vi har for å samle interesse for arbeidet vårt. I eit kulturhistorisk perspektiv er kalenderen dessutan eit svært viktig bidrag med tanke på dokumentasjon og er midt i kjernen av oppdraget vårt: *å verne og formidle kunnskap om kulturminne, tradisjon og kulturlandskap*. Mange personar med stor lokalhistorisk kunnskap og innsikt har sett saman ei utgåve som spenner vidt i emneval og geografi, og som dokumenterer stoff av stor lokalhistorisk interesse. Artiklane gir perspektiv på det viktige arbeidet vårt, og inspirasjon til å halde fram.

Prosjektaktivitet

I 2026 har det vore utført arbeid på desse prosjekta (ansvarsperson i parentes):

- Djupdalen – prosjektering av ulike tiltak som sikring av råsa, utbetring av bruene og ny taubane i ny trasé (Leif-Erling Løvoll)
- Ytste-Smoge – nystove (Odd N. Hoff)
- Ytste-Smoge – skifertak og piper på stovehuset (Odd N. Hoff)
- Matvika (toårig prosjekt) – vòr som vert ferdigstilt 2026 (Asgeir Kvernberg)



Billettekst

Økonomisk støtte:
Rydding av vegetasjon: Det er ikkje gjort utbetalingar til dette føremålet i 2026.

Transport- og materialstøtte: Det er ikkje gjort utbetalingar til dette føremålet i 2026.

Ytste Skotet
I 2026 har vi hatt open gard i perioden 24. juni–9. august. Vertskapet har vore Håvard Hareide Furnes og Nina Rolstad fram til 26. juli og deretter Ole-Kristian Liaset og Kristine Asp Jakobsen ut veke 32. I tillegg deltok ei ung jente – Klara Ingebjørg Pilskog – ein kort periode.

Også i år har vi har hatt geiter (fem stk.) på garden. Dei kjem frå Kilsti og tilhøyrer Jannicke Tafjord. Storfjordens Venner har kjøpt inn NoFence (elektronisk gjerde) til dyra, slik at vertskapet sjølv kan dirigere kvar dyra skal beite til kvar tid.

Det var god oppslutnad om slåttedugnaden 14.–16. august. Gledeleg var det at så mange yngre personar deltok.

I 2026 har vi fornya avtalen om transport med Frode Dyrkorn for å avlaste vertskapet i dette arbeidet. Dette samarbeidet har fungert godt.

Det største prosjektet på Ytste Skotet i 2025–2026 har vore reparasjon av vasshjulhuset. Dette arbeidet vart fullført. Det vart utført grunnarbeid ned til fast fjell som sikrar at bygget ikkje lenger vil kunne sige.

Låven og stalltrevet er reingjorde og rydda, og det er laga til eit område for å lagre reiskapar og verktøy på ein meir oversiktleg måte.

Vassforsyninga er forbetra (brønn, vassinntak og røyrleidning er reingjorde), og det er lagt duk over samlekummen slik at ein er sikra mot ureining frå fuglar m.m. Vassprøver vart sende inn og godkjende før oppstart.

Det er gjort ein full revisjon av HMS-arbeidet på heile drifta av garden og alle aktivitetar



Frå arbeidet med steinvor i Matvika
Foto: Asgeir Kvernberg



Heile bygda flagga under Storfjordstemnet i 2026.

Foto: Vivian Nydal

inkludert utleige. Det same systemet som bøndene brukar (Kvalitetssikring i landbruket – KSL) er nytta. All dokumentasjon ligg no lagra digitalt og er difor lett å revidere ved behov.

Når det gjeld kaia, har vi som tidlegare omtala, møtt fleire utfordringar ettersom det kan bli krav om ymse utgreiingar (rasfare, avklaringar i forhold til plansituasjonen m.m.) for å starte eit slikt arbeid – i alle fall dersom vi vil gjere meir enn normalt vedlikehald. I tillegg har det gått eit ras like ved naustet. Det er no bora hol i steinane, og i løpet av sommaren/hausten må vi ta stilling til korleis vi kan få fjerna eller brukt desse.

Dugnadsgruppa har gjennomført følgjande dugnader på Ytste Skotet i 2026:

- 8.–10. mai
- 3.–4. juni
- 14.–16. august

Vi har byrja å planleggje restaurering av smie og trapp til stabburet.

Storfjordstemnet

Storfjordstemnet 2026 vart gjennomført i Norddal sentrum. Grunnen til at vi heldt stemnet her, var at vi ønskte å markere at Sjøfart og sjøbruk i Storfjorden no er innlemma i Storfjordens Venner som ei arbeidsgruppe. Denne gruppa har hatt ein stor del av aktivitetane sine knytte til Norddal (mellom anna Notanaustet). Gruppa stod for ein stor del av programmet, og vi fekk synleggjort arbeidet deira på ein god måte. I tillegg stilte bygdefolket heilhjarta opp om stemnet. Det vart arrangert opne tun fleire stader i bygda, der folk kunne kome innom for omvising og informasjon om fleire ulike aktivitetar og spesialitetar.

Utover det tradisjonelle programmet med helsingar frå ordføraren i Fjord, Terese Jemtegård Moen, kåserte Ola Relling om historia til Norddalsbygda, medan Stein Ivar Krohn og Bjørn Relling orienterte om situasjonen for bygda i dag. Celien de Pelecjin og Gunnar Inge Eide stod for song- og musikkinnslaga. Oddbjørn K. Dalen hadde stelt til ein konkurranse («Storblåsar 2026»).

Bygdefolket tok svært godt imot oss, og gjorde stemnet til ei fin og innhaldsrik oppleving.

Omorganisering av musea på Sunnmøre

Interimsstyret for Museum Nordvest, som er eit fellesorgan for dei seks musea som valde å stå utanfor konsolideringa, har også i 2026 teke fleire initiativ for å få avklart vidare gang i saka. Ettersom prosessen har drege så langt ut i tid utan resultat, vedtok

Ola Stavseng sin skulptur «Mor med barn». Foto: Kari Bigum Kvernberg.



Vasshjulet på Skotet

Foto: Inge Bjørdal

interimsstyret etablere eit AS (Sunnmørsmusea AS). Prosessen held fram, men er likevel ikkje i mål med omsyn til avklaringar med Viti. Vi arbeider vidare med saka for å finne ei løysing i samarbeid med kommunane via Sunnmøre Regionråd.

Fellesturar
Storfjordens Venner arrangerte følgjande fellesturar i 2026:

- Kvernhusneset og Vikasetra, sundag 31.mai
- Knivsflå og Litlesætra, laurdag 5. september

Medlemstal
Manntalet viser følgjande per 1. januar 2026 (2025 i parentes):

- juniormedlemmer: 1 (0)
- enkeltmedlemmer: 648 (578)
- familiemedlemskap: 117 (115)
- bedriftsmedlemskap: 14 (12)
- æresmedlemmer: 17 (17)

Sparebanken Møre som hovudsponsor
Sparebanken Møre kunngjorde i samband med 50-årsjubileet at dei ønskjer å gå inn som hovudsponsor for Storfjordens Venner. Vi har brukt delar av tilført kapital til å styrkje den utoverretta verksemda og har inngått avtale med Vivian F. Nydal i Nydal Marketing. Ho skal utvikle nettsidene våre og gi oss råd og rettleiing om korleis vi profilerer Storfjordens Venner betre. Som eit døme har vi lansert ei ny medlemsgruppe for ungdom (inntil 26 år) og fått laga ein turkopp som er gratis for dei som melder seg inn.

Synleggjering i media
Serien *Gardane langs Storfjorden* er no avslutta. Opptaka ligg på slive.no og på heimesida vår, storfjordensvenner.no

Vi fekk i 2026 laga eit opptak med NRK Møre og Romsdal frå arbeidet med å reparere kaia og vòren i Matvika. Det blei sendt den 29. juli i lokalsendinga.

Storfjordstemnet fekk god dekning i region- og lokalaviser og nettstader. Du finn også ei oppsummering på heimesidene våre.

Det same har dugnadene og aktivitetane på Yste Skotet, der NRK Møre og Romsdal hadde eigen reportasje med sommarvertskapet.

Det er halde fleire orienteringar om Storfjordens Venner for pensjonistlag, foreiningar av ulikt slag mange stader rundt om i kommunane.

Rekruttering av nye medlemmer
Rekruttering er ein høgt prioritet aktivitet i 2027. Her kan alle bidra. Ta kontakt med personar du trur kan ha interesse av å støtte arbeidet vårt. Det er enkelt å melde seg som medlem.

Takk til sponsorane og samarbeidspartane våre!
«Mange små menneske som på mange små stader gjer mange små ting, kan forandre verda.» – afrikansk ordtak.

Støtt gjerne Storfjordens Venner gjennom Grasrotandelen
Grasrotandelen



Fjell- og fjordgardar langs Storfjorden

■ Storfjordens Venner har sidan skipinga i 1975 arbeidd for å ta vare på kulturen vår. Hovudfokuset har vore å verne om kulturminne og levande tradisjon knytte til dei veglause gardane langs Storfjorden på Sunnmøre. Også namna på desse gardane er ein viktig del av kulturminna. Det er tvillaust lokalbefolkninga i Storfjorden som har namnesett desse stadene, og namneformene har, trass i at offentlege tenestemenn har tolka og skrive namna på ulike måtar opp gjennom hundreåra, vore svært slitesterke og stabile.

■ Dei fleste av desse gardane er no fråflytte, og færre og færre personar er kjende med dei lokale og opphavlege namneformene. Storfjordens Venner ser det derfor som viktig å føre denne delen av kulturarven vidare gjennom å nytte ein skrivemåte som er trufast mot den lokale uttalen av namna.

Odd Normann Hoff



Kart: Anders Kvernberg

Oversiktskalender 2028

JANUAR

Veke	M	T	O	T	F	L	S
52	27	28	29	30	31	1	2
1	3	4	◐ 5	6	7	8	9
2	10	11	○ 12	13	14	15	16
3	17	◑ 18	19	20	21	22	23
4	24	25	● 26	27	28	29	30
5	31	1	2	3	4	5	6

FEBRUAR

Veke	M	T	O	T	F	L	S
5	31	1	2	◐ 3	4	5	6
6	7	8	9	○ 10	11	12	13
7	14	15	16	◑ 17	18	19	20
8	21	22	23	24	● 25	26	27
9	28	29	1	2	3	4	5
10	6	7	8	9	10	11	12

MARS

Veke	M	T	O	T	F	L	S
9	28	29	1	2	3	◐ 4	5
10	6	7	8	9	10	○ 11	12
11	13	14	15	16	17	◑ 18	19
12	20	21	22	23	24	25	● 26
13	27	28	29	30	31	1	2
14	3	4	5	6	7	8	9

APRIL

Veke	M	T	O	T	F	L	S
13	27	28	29	30	31	1	◐ 2
14	3	4	5	6	7	8	○ 9
15	10	11	12	13	14	15	◑ 16
16	17	18	19	20	21	22	23
17	● 24	25	26	27	28	29	30
18	1	2	3	4	5	6	7

MAI

Veke	M	T	O	T	F	L	S
18	1	◐ 2	3	4	5	6	7
19	○ 8	9	10	11	12	13	14
20	15	◑ 16	17	18	19	20	21
21	22	23	● 24	25	26	27	28
22	29	30	◐ 31	1	2	3	4
23	5	6	7	8	9	10	11

JUNI

Veke	M	T	O	T	F	L	S
22	29	30	31	1	2	3	4
23	5	6	○ 7	8	9	10	11
24	12	13	14	◑ 15	16	17	18
25	19	20	21	● 22	23	24	25
26	26	27	28	◐ 29	30	1	2
27	3	4	5	6	7	8	9

JULI

Veke	M	T	O	T	F	L	S
26	26	27	28	29	30	1	2
27	3	4	5	○ 6	7	8	9
28	10	11	12	13	◑ 14	15	16
29	17	18	19	20	21	● 22	23
30	24	25	26	27	◐ 28	29	30
31	31	2	3	4	5	6	7

AUGUST

Veke	M	T	O	T	F	L	S
31	31	1	2	3	4	○ 5	6
32	7	8	9	10	11	12	◑ 13
33	14	15	16	17	18	19	● 20
34	21	22	23	24	25	26	◐ 27
35	28	29	30	31	1	2	3
36	4	5	6	7	8	9	10

SEPTEMBER

Veke	M	T	O	T	F	L	S
35	28	29	30	31	1	2	3
36	○ 4	5	6	7	8	9	10
37	11	◑ 12	13	14	15	16	17
38	● 18	19	20	21	22	23	24
39	◐ 25	26	27	28	29	30	1
40	2	3	4	5	6	7	8

OKTOBER

Veke	M	T	O	T	F	L	S
39	25	26	27	28	29	30	1
40	2	○ 3	4	5	6	7	8
41	9	10	◑ 11	12	13	14	15
42	16	17	● 18	19	20	21	22
43	23	24	◐ 25	26	27	28	29
44	30	31	1	2	3	4	5

NOVEMBER

Veke	M	T	O	T	F	L	S
44	30	31	1	○ 2	3	4	5
45	6	7	8	◑ 9	10	11	12
46	13	14	15	● 16	17	18	19
47	20	21	22	23	◐ 24	25	26
48	27	28	29	30	1	2	3
49	4	5	6	7	8	9	10

DESEMBER

Veke	M	T	O	T	F	L	S
48	27	28	29	30	1	○ 2	3
49	4	5	6	7	8	◑ 9	10
50	11	12	13	14	15	● 16	17
51	18	19	20	21	22	◐ 23	24
52	25	26	27	28	29	30	○ 31
1	1	2	3	4	5	6	7

STORFJORDENS VENNER

VERN VÅR ARV

ISBN 978-82-94218-00-4



Dugnad på Ytste Skotet i mai 2026.

Foto: Rebekka Kolvik

Sjå serien om gardane langs Storfjorden på TV SUNNMØRE LIVE!